

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: Sognefjellshytta
Dato: 11.05.2016
Tidspunkt: 11:00 - 15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Bjarne Eiolf Holø	Medlem	
Sandra Opheim	Medlem	
Leif Solemsli	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Aleksander Øren Heen	MEDL	
Iselin Jonassen	NESTL	
Aud Hove	MEDL	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Svein Blankenborg	Iselin Jonassen	
Øystein Andreassen	Aud Hove	

Merknader

Senea Sabanovic var innkalla for Aleksander Øren Heen, men også ho måtte melde forfall

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Rigmor Solem	Statens Naturoppsyn

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 17/2016	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 18/2016	Referatsaker		
RS- 9/2016	Ny selvbetjening i Glitterheim		2016/3185
RS- 10/2016	Søknad om motorferdsel til Skagastølsbu		2016/3212
RS- 11/2016	SV: Motorferdselløyve - landing med helikopter og bruk av båt med motor på Gjende - NINA-overvåking i 2016		2016/1531
RS- 12/2016	Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport av varer, ved og gass til hyttene til ÅJFF - Norsk Folkehjelp Årdal		2016/1993
RS- 13/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Bruk av snøskuter frå Juvasshytta over Styggebreen for NRK-sending frå 17. mai-markering på Galdhøpiggen - NRK		2016/2818
RS- 14/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Avslag på søknad om filming med drone i Hurrungane - Capture Drone Solutions		2016/2882
ST 19/2016	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog 2016 - Prioritering av tiltak		2015/7435
ST 20/2016	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Delegeringsreglement		2016/108
ST 21/2016	Eventuelt		

ST 17/2016 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2016

Merknad:

Protokoll frå førre styremøtet (24.02.16) vart godkjent etter utsjekk på e-post.

Det er grunnlag for å justere ordlyd i teksten på denne faste saka, sidan protokollane blir godkjent fortløpende i etterkant av kvart møte.

Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent

ST 18/2016 Referatsaker

Ny selvbetjening i Glitterheim	2016/3185
Søknad om motorferdsel til Skagastølsbu	2016/3212
Motorferdselløyve - landing med helikopter og bruk av båt med motor på Gjende - NINA-overvåking i 2016	2016/1531
Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport av varer, ved og gass til hyttene til ÅJFF - Norsk Folkehjelp Årdal	2016/1993
Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Bruk av snøskuter frå Juvasshytta over Styggebreen for NRK-sending frå 17. mai-markering på Galdhøpiggen - NRK	2016/2818
Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Avslag på søknad om filming med drone i Hurrungane - Capture Drone Solutions	2016/2882

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2016

Orienteringar:

Orientering om plan for oppgradering av selvbetjeningstilbodet på Glitterheim.

Styret stiller seg opne for at det blir fremma ein søknad som skissert i det refererte notatet.

Skagestølsbu, med status nødbu, orientering om oppgraderingsplanane. Ingen utvendige endringar, men restaurering innvendig.

Ikkje endra bruk, men noko transport i samband med arbeidet.

Delegerte vedtak som vart referert:

Ingen merknader til vedtaka som vart gjort.

Styret drøfta praksis for e-postbehandling. Det er ei grei løysing for kurante saker, der ein har vedtak i tilsvarande saker som ein etablert praksis. For nye spørsmål kan eit telefonmøte vera ønskjeleg, for å ha ein felles dialog. Det kan vera ein viss fare for at e-postsvar frå førstemann som svarar i in viss grad kan i bli førande for dei neste. Behandlingsmåte blir ofte også styrt av tida ein har til disposisjon, da enkelte aktørar søker rett før behovet oppstår, jf. sak om droneflyging.

Vedtak

Referatsakene vert tekne til orientering

ST 19/2016 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog 2016 - Prioritering av tiltak

Det vart gjeve ei orientering om tilrettelegginga planlagt ved Sognefjellshytta og deltakinga i merkevareprosjektet som pilot, med tanke på dei nye styremedlemmene. Dette gjev strenge føringar og medfører relativt lite til andre tiltak i prosjektperioden, men gjev rom for eit ekstra løft for Jotunheimen.

Rigmor Solem orienterte om stigreparasjonar planlagt utført ved hjelp av sherpaer.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2016

Vedtak

1. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift og forvaltningsplan:

Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 350 000,-
Drift av sekretariatet (ekskl. lønsutgifter)	kr. 179 000,-
Arbeid med forvaltningsplan	kr. 120 000,-
Pilotarbeidet med besøksforvaltning.	kr. 200 000,-

2. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer tiltaksmidlane på i alt 1.050.000 kr løyvd i bestillingsdialogen for 2016 slik:

Pilot innfallsport Sognefjellshytta: 380.000,- (+ bygging)

Fullføring av avtale med Dronninga Landskap frå 2015, prosjektering og tilrettelegging av større tiltak innfallsport	kr. 380 000,-
Gjennomføring – reservert pott i Miljødirektoratet på inntil 6,8 mill.kr.	Endeleg utdeling ved gjennomføring

Skjøtsel: Totalt 350 000,-

Heimre Utladalen, slått og styrt beiting	kr. 260 000,-
Styving/rising av alm og lind i Utladalen	kr. 40 000,-
Krattrydding/vedlikehald Guridalen	kr. 20 000,-
Styrt beiting og rydding i Gjendebuområdet	kr. 30 000,-

Informasjon: 220 000,-

Ny design tavler/informasjon Turtagrø og Krossbu	kr. 60 000,-
Oppsett av portalskilt og tavler langs Fv 55, utprøving	kr. 100 000,-
Nye plakatar ved Gjendesheim og Juvvasshytta	kr. 20 000,-
Turapp Jotunheimen – fokus lokale turar	kr. 30 000,-
Barnas naturoppsyn – transport	kr. 10 000,-

Tilretteleggingstiltak stignett: 100 000,-

Vedlikehald og oppgradering av stignett, med Vettifossen, Turtagrø og Krossbu som prioriterte område	kr. 100 000,-
--	---------------

ST 20/2016 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Delegeringsreglement

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 24.02.2016

Iselin Jonassen foreslo at saka vert utsett, da dette er ei krevjande sak for eit nytt styre som i dag sit spreidd på fleire ulike plassar med kontakt via video og telefon.

Vedtak

Saka utsett.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2016

Styreleiaren gav uttrykk for at sakene bør ha god forankring i styret, og at ein dermed må vera nøye på å nytte delegering berre for rutineprega saker der det er godt etablert praksis og i saker der det er hastar med avgjerd.

Vedtak

1. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen delegerer avgjerdsmakta for følgjande enkelt saker, som ikkje er i konflikt med verneverdiane, til Arbeidsutvalet:
 - Hastesaker som krev avgjerd før det er aktuelt å kalle inn heile styret og der forvaltningsplanen tilseier at løyve kan/bør gjevast
 - Irreversible tiltak som byggjetiltak og terrenginngrep vert i utgangspunktet ikkje delegert, men AU kan i hastesaker likevel kunne behandle mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre vesentlege tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.
2. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev nasjonalparkforvaltarane myndigheit til å treffe vedtak i følgjande saker av kurant karakter:
 - Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdsel og motorferdsel i verneforskriftene - med unntak av dei store, fleirårige samleløyva som framleis skal liggje under styret (gjeld DNT, private turisthytter og Gjendebåten).
Delegeringa omfattar desse punkta i § 3 pkt. 6.3. i verneforskrift for Jotunheimen: a), b), d) e), f), i), k), q), r), s) og t)
og desse punkta under § 3 pkt. 6.3. i verneforskrift for Utladalen: a), b), c), d), e), f), g), i), j), k), l), m), n), o) og p).
 - Saker etter verneforskriftenes andre spesifiserte dispensasjonsreglar og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreiar seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det er etablert forvaltningspraksis frå tilsvarende saker behandla av styret/AU.
 - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Dette skal gå fram av saksutgreiinga dersom forvaltar fattar delegert vedtak i saka.

3. Alle vedtak fatta av Arbeidsutvalet og nasjonalparkforvaltarane på vegne av Nasjonalparkstyret skal vere i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og forvaltningsplan. Delegerte vedtak skal refererast for styret i komande møte.

ST 21/2016 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2016

Orienteringar / spørsmål

1. Reise- og møtegodtgjersle

Magnus gjekk gjennom rutinane og satsane for møte- og reisegodtgjersle. Kvar enkelt må logge inn i portalen og sørge for at tilgodehavande blir registrert. Forvaltarane har ikkje innsyn som gjer det mogleg for oss å følgje opp. Vi ser berre rekneskapsrapportar som viser utbetalte beløp fordelt på månad, men vi kan ikkje sjå kven utbetalingane har gått til.

Rettleiande tid til førebuing blir fastsett i møte, men det er rom for individuell vurdering. Dagens møte: rettleiande tidsbruk: 2 timar.

2. Saker for oppfølging i Vang

- Innfallsport Vang

Leif Solemsli peika på knutepunkt i Vang som burde vore forbetra med tanke på nasjonalparkprofilering: Tyin og Eidsbugarden.

- Parkering Koldedalen

Det hadde vore ønskjeleg at parkeringa i Koldedalen burde vore ordna innan bommen, der det er inngrep etter kraftutbygginga frå før.

Rigmor Solem orienterte om forsøket på å få til ein avtale for langsgåande parkering utanfor bommen, noko som stranda pga. pris på grunnverv.

Kari Sveen orienterte om verneforskrifta. Denne set forbod mot motorferdsel innanfor bommen, og det er ikkje høve til å gje ein generell dispensasjon for kjøring inn til den aktuelle plassen som vil gjelde alle. Dispensasjonar må vera enkeltvedtak, knytt til konkret person/gruppe/hending. Løysinga med parkering innanfor bommen vil krevje endring i verneforskrifta. Nasjonalparkstyret har høve til å fremme eit slik ønskje, men det vil truleg vera ein nokså tung prosess.

3. Studietur og deltaking på konferanse

Ønskje om planlegging for ein studietur i 2017.

Det er elles høve til at 1-2 frå styret kan bli med til Europarc-konferanse i Sveits 18.-21.oktober i år. Ivar Kvalen vil delta der, for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Vedtak

Møteplan for resten av 2016:

- 20. juni – fysisk eller telefon etter behov
- 7.-8. september på Glitterheim – både vara og faste medlemmer
- 25. oktober - fysisk
- 5. desember - telefon

Ingen andre saker til vedtak under eventuelt.